



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2023–2026

Solsida barnehage



Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen	4
Om barnehagen.....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Syn på omsorg.....	5
Syn på leik	5
Syn på læring og danning	5
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	6
Fagområde frå rammeplanen til barnehage.....	6
Inkluderande barnehagemiljø	7
Vaksenrolla i uteleiken	7
Medverknad	8
Barn.....	8
Foreldresamarbeid	8
Barnehagen sine forventningar til foreldra	9
Tidleg innsats	9
Overgangar	10
Når barnet startar i barnehagen.....	10
Overgangar i barnehagen	10
Overgang mellom barnehage og skule.....	10
Samarbeid.....	11
Samarbeid internt i barnehagen.....	11
Samarbeid med eksterne instansar	11
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	11
Helsestasjonen.....	11
Barnevernet.....	11
Foreldrerettleiing	11
Vurdering.....	12
Hendingar og markeringar i barnehagen	13

Einingsleiar har ordet

Velkomen til Solsida barnehage.

I Solsida barnehage er vi opptekne av at barna skal utvikle sosial kompetanse i eit inkluderande miljø. Vi jobbar for at alle borna skal utvikle gode strategiar for å meistre sosialt samspel. Tryggleik i eit inkluderande miljø er ei viktig føresetnad for utvikling og læring. Arbeidet med å førebygge krenking og utesenging startar allereie på småbarnsavdelingane. Du kan lese om føringar for arbeidet vårt på [utdanningsdirektoratet.no](https://www.utdanningsdirektoratet.no)



Eg er stolt over å sei at i Solsida har vi ei løysingsfokusert og kompetent personalgruppe. Gruppa har ei god blanding i alder, utdanning, nasjonalitet og kjønn. Vi er opptekne av å vere i utvikling. 2022-2024 har vi søkt om og fått regionale kompetansemidlar. Dei vil vi bruke til å utvikle vaksenrolla i uteleiken. Inneverande år har vi fire pedagogar som tek vidareutdanning, og to assistenter som går opp til fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Foreldresamarbeid er viktig for oss. Vi nytta [Visma appen](#) for å utveksle informasjon med foreldra i kvardagen. Vi er takksame for å ha ei engasjert foreldregruppe som heiar, rosar og kjem med innspel til forbetring. Saman blir vi drivande gode!

Du finn meir informasjon på [heimesida vår](#) og på [heimesida til dei kommunale barnehagane i Sunnfjord](#).

Elin Siv Hagen
Einingsleiar
Solsida barnehage

Presentasjon av barnehagen

Visjon for barnehagen

Alle skal ha ein ven.

Vi skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. I Solsida skal barna oppleve seg sjølv som verdifulle. Barna skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov. Vi jobbar også for at barna skal lære og forstå empati og eigne førelsar.

Om barnehagen

Solsida barnehage er ei samanslåing mellom Husmorhuset barnehage og Haugum barnehage. Begge barnehagane opna i 1979. Husmorhuset vart skipa av husmorlaget i Førde, Haugum barnehage var kommunal. I 1995 tok Førde kommune over drifta av Husmorhuset barnehage. I 2005 vart Husmorhuset og Haugum barnehage slått saman til ein barnehage, Solsida barnehage. I 2015 var bygget på Haugum ferdig renoveret. I 2018 stod nybygget på Toene ferdig. Samla har vi plass til 99 barn i nye fine lokale.

Solsida barnehage har sju avdelingar fordelt på to adresser.

Solsida Haugum har avdelingane:

- Saturn 3-5 år
- Mars 0-2 år
- Merkur 0-2 år

Solsida Toene har avdelingane:

- Venus 0-2 år
- Uranus 0-2 år
- Jupiter 3-5 år
- Neptun 3-5 år



Barnehagen sitt verdigrunnlag

Syn på omsorg

I Solsida barnehage skal alle barn bli sett, hørt og tekne på alvor. Tryggleik og trivsel er ein føresetnad for all fri aktivitet og den skapar grunnlaget for all utvikling hos barn. Difor er det å gje omsorg ei av dei viktigaste oppgåvene våre. Eit trygt miljø er nødvendig for at barna skal våge å ta store eller små sprang ut i det ukjente, dei spranga som gjer at barna utviklar seg og "veks". I Solsida har vi nulltoleranse for mobbing.



Syn på leik

I Solsida barnehage er leik barnet sin viktigaste aktivitet gjennom dagen og den har ein sentral plass i barnehagen. Vi set av god tid til leik både inne og ute. Vi skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, og delta i leiken på barna sine premisser. Leiken er frivillig og styrt av barnet sjølv. Rammeplanen seier at barnehagen skal ivareta barna sine behov for leik. Leik skapar glede og gode relasjonar til andre barn. Vi skal bidra til at alle barn får oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik aleine og saman med andre. Leiken er ei arena for barna si utvikling, læring, sosiale og språklege samhandling.

Syn på læring og danning

I Solsida barnehage skal barna vere aktive deltagarar i eigen læringsprosess. I rammeplanen står det at læring foregår i det daglege samspelet med andre menneske, og er knytt nært saman med leik. Det står også at venskap og tilrettelegging for gode relasjonar i barnehagen er ein føresetnad for god læring og kjensle av glede og meistring.

Danning handlar om å forme barnet sin personlegdom, oppførsel og moral. Det handlar om å utvikle kunnskap, verdiar og haldningar ilag. Barna skal lære å tenke sjølv. Noko av det viktigaste i danningsprosessen er å gi barna ei god sjølvkjensle. Vi observerer kvar barnet er i si utvikling slik at vi kan tilpasse det pedagogiske opplegget og legge til rette for progresjon.



I Solsida stimulerer vi til læring ved å:

- vere aktivt med i barn sin leik
- vere gode rollemodellar
- stille spørsmål, undre oss og finne svar saman med barna
- legge grunnlag for nye spørsmål og søken etter kunnskap
- legge tiltrette for opplevelingar og kunnskap
- la barna få tid og rom til å klare det dei prøver på

Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

Fagområde frå rammeplanen til barnehage



Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane og aktivitetane som barnehagen har. Du finn meir informasjon om dette i kalenderen i Visma appen.



Inkluderande barnehagemiljø

I Solsida barnehage jobbar personalet med å legge til rette for god sosial kompetanseutvikling hjå barna frå første dag. Vi vil saman med foreldra jobbe for å skape eit mobbefritt miljø der barna kan utvikle seg og trivast.



Vaksenrolla i uteleiken

For å gje alle borna den støtta dei treng, må vi vaksne vere på i alle situasjonar i barnehagen. Vi skal verte endå betre på å legge til rette for enkeltbarnet si utvikling i uteleiken. I denne samanheng har Solsida fått kompetansemidlar for perioden 2022-2024.



Språk

Dei aller fleste menneske utviklar språkleg kompetanse. Språk er eit kommunikasjonsmiddel som gir moglegheit til å formidle. Vi støttar barna i å kommunisere, lytte og forstå. Tidleg registrering av språkutvikling (TRAS) er eit skjema vi brukar for å kartlegge språkutviklinga til barna. Vi nyttar resultat av kartlegginga til å planlegge det pedagogiske arbeidet.

I Solsida jobbar vi med bøker og set ord på ting vi gjer gjennom dagen. Vi syng mange songar kvar dag, slik at vi lærer nye ord og utrykk.



I januar og februar har vi språk og språkstimulering som tema, vi avsluttar med ein eventyrfest. Rullerande tema på eventyrfest: Hundremeterskogen, Dunderly og Hakkebakkeskogen.

Medverknad

Barn

I Solsida barnehage skal barnet lære demokrati i praksis. Barna skal respekterast som individ og lære at ein er del av eit fellesskap både i barnehagen og i samfunnet. Barns medverknad er ikkje det same som at barn skal bestemme, men alle skal oppleve å verte lytta til. Måten vi jobbar med tema på, skal ta utgangspunkt i barna sine interesser og spørsmål.

Barnehagen skal vere bevisste på dei ulike uttrykksformene til barna, og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring og individuelle føresetnadar.

Dei minste barna kommunisera med andletsuttrykk, blikk, mimikk, rørsler og ord. Dei eldste barna formidlar dei same signala, men har eit sterkare verbalt språk.

Foreldresamarbeid

I Solsida barnehage ynskjer vi at foreldra skal være aktive medspelarar i utforminga av innhaldet i barnehagen.

Foreldre får medverknad ved å:

- delta på foreldremøte og foreldresamtalar
- melde saker til samarbeidsutvalet
- komme med innspel i kvardagen
- svare på brukarundersøkingar

Alle foreldra er med i foreldrerådet, som skal sikre samarbeid mellom barnehage og foreldra. Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ for foreldre, tilsette og eigar.

I Solsida består SU av:

- To foreldre frå Toene
- To foreldre frå Haugum
- Fire tilsette
- Eigar av barnehagen (etter eige ynskje)

Alle representantane har vararepresentant. På foreldremøtet om hausten vel foreldrerådet sine representantar. Meir informasjon om SU finn du på heimesida vår.



Barnehagen sine forventningar til foreldra

- Barna er utkvilt og friske når dei kjem i barnehagen.
- Barnet må kunne vere både ute og inne.
- Du held barna heime 48 timer etter siste oppkast/diare ved omgangssykje.
[Her kan du lese meir om kva tid du bør halde barnet heime.](#)
- Barna er kledd for allsidig leik inne og ute, har bytekle og uteklede etter årstid.
- Det skal stå namnet til barnet i alle kle.
- Du held orden på plassen i garderoben
- Du vaskar skitne uteklede.
- Du melder i frå om det er andre enn foreldra som skal hente barnet.
- Du viser interesse for barna sin kvardag i barnehagen, snakkar med personalet og barnet i garderoben når de leverer og hentar.
- Du spør dersom de lurer på noko.
- Du seier i frå om de er misfornøgd eller om barnet viser teikn til å ikkje trivast i barnehagen.
- Du deltek på foreldremøte, foreldresamtalar og sosiale tilstellingar som barnehagen arrangerer.
- Du les informasjon frå barnehagen.
- Du informerer barnehagen dersom det er endringar i barnet sin livssituasjon.
- Du gir beskjed dersom barnet tek fri eller kjem seinare enn 9.30.
- Du henta barnet før barnehagen stenger 16.30.

Tidleg innsats

Når barn treng ekstra hjelp og støtte, er tidleg innsats viktig. Vi er opptekne av å gi eit best mogleg pedagogisk tilbod for barna i barnehagen. Vi jobbar for å førebyggje ulike utfordringar, og vil setje inn tiltak dersom vi tenkjer at det er behov. Vi tenkjer at det er viktig å gi hjelpa som trengs i tidleg alder, for å skape best mogleg føresetnad til skulegangen og seinare i livet.

Sunnfjord kommune brukar samhandlingsmodellen betre tverrfagleg innsats (BTI). Denne modellen skal sikre at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit godt samarbeid mellom familien og kommunen. Årsaka til oppfølging kan vere ulik. Det er utarbeida handlingsplanar som barnehagane føl ved behov. Du kan lese meir om [BTI her.](#)



Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Å starte i barnehage kan vere ei sårbar tid for både barn og foreldre. Det er mykje nytt og mange nye inntrykk. Vi legg til rette for at barnet får ein trygg og god oppstart i barnehagen. Alle nye barn får ein primærkontakt som skal følgje barnet i oppstartsperioden.

På våren før oppstart har vi eit foreldremøte for nye foreldre i barnehagen med informasjon og høve til å stille spørsmål. Vi anbefala å komme på besøk i barnehagen og på avdelinga før oppstart, slik at miljøet ikkje er heilt ukjend.

Tilvenninga varer i minst tre dagar, gjerne lenger om foreldra har moglegheit til det. Foreldra er med i barnehagen heile eller delar av dagen. Vi legg også til rette for oppstartssamtale med foreldre, enten før oppstart eller når tilvenninga er omme. Vi brukar starten av barnehageåret på å verte kjende med nye rutinar, miljø, barn og vaksne på avdelinga. I denne perioden har vi mindre anna opplegg. Kvardagen i barnehagen er rutinebasert for å skape tryggleik for barna.

Overgangar i barnehagen

Gjennom barnehagetida skjer det også overgangar, frå liten til stor avdeling. Barnet byrjar på storbarnsavdeling det året barnet fyller tre år. Vi førebur barnet, snakkar om overgangen og går på besøke på den nye avdelinga. Vi sørger for at barn og foreldre får både rom og tid til å verte kjende med nytt personale og miljø. Starten av barnehageåret vert prega av å lære nye rutinar og verte kjende.



Overgang mellom barnehage og skule

Vi legg til rette for ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Førskulegruppe starta vi opp med på hausten for dei barna som skal byrje på skulen neste haust.

Dette er for å førebu barna på overgangen til skulen. Vi driv ikkje undervisning, men lar barna oppleve skuleførebuande aktivitetar gjennom leik med tal, bokstavar, mengde, form, språk og lyd. På våren besøkjer førskulebarna sine skular saman med personalet frå barnehagen.

Sunnfjord kommune har utvikla «Frode Laks», eit pedagogisk verktøy som skal vere ein raud tråd i overgangen. Det er ei kulturell bru mellom barnehage og skule. Barna får kjennskap til «Frode Laks» først i barnehagen, og vil treffen han att i skulen. [Du kan lese meir om Opplegget rundt «Frode Laks» her.](#)

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

I barnehagen har vi avdelingsmøte, pedagogisk leiar møte, personalmøte for alle tilsette og planleggingsdagar. Vi har også trepartsmøte for styrar, verneombod og tillitsvalte.

Samarbeid med eksterne instansar

Barnehagen har mange samarbeidspartnerar.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Ved behov for rettleiing, hjelp og støtte kan vi i samråd med foreldre kontakte PPT. Dei kartlegg og gjer observasjonar rundt barnet sine vanskar og behov. Etterpå rettleiar dei personalet og foreldre. Vi innhentar samtykke frå foreldra før vi kontaktar PPT.

Helsestasjonen

Vi kan ta opp ulike helsemessige spørsmål og utfordingar, samt at dei informerer oss om det er noko vi bør vere merksame på. Vi innhentar samtykke frå foreldra før vi kontaktar helsestasjonen. Oppfølgingsteamet på helsestasjonen kan tilby ulike former for støtte til familiar i utfordrande livssituasjonar. [Her kan du lese meir om helsestasjonen sitt tilbod.](#)

Barnevernet

Barnevernet kan bidra med ulike hjelpetiltak dersom familien kjem i ein vanskeleg livssituasjon.

Hjelpetiltak for å auke foreldrekompetansen, kompensere for manglar i omsorga, eller avlaste foreldra. [Du kan lese meir om barnevernet sine tilbod her.](#)

Vi som barnehagertilsette har plikt til å gi opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn blir utsett for mishandling eller andre former for omsorgssvik.



Foreldrerettleiing

Kvardagen med små barn er gode, men travle. Av og til kan utfordringane bli litt for store. Sunnfjord kommune tilbyr foreldrerettleiing ved behov. Kommunen har fleire sertifiserte rettleiarar innan Tidleg Innsats for Barn I Risiko (TIBIR) og Parent Management Training Oregon (PMTO).

Vurdering

Rammeplanen seier at

- det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut i frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen
- hovudmålet med vurdering er å sikre at barna får eit tilbod i samsvar med barnehagelov og rammeplan

I Solsida arbeider vi med vurdering i det daglege arbeidet, på avdelingsmøter, personalmøte og på planleggingsdagar. Foreldra er deltakande i vurderingsarbeidet gjennom foreldresamtaler, foreldremøte og brukarundersøkingar. Barna er deltakande i vurderingsarbeidet gjennom barnesamtaler, evauleringsskjema og barneintervju.

Felles refleksjon og open diskusjon om barnehagen sitt formål, innhald og oppgåver gjer at vi kan lære av eigen praksis. Vi kan på denne måten bidra til å utvikle barnehagen i samsvar med måla våre, krav samfunnet stiller og dei erfaringane vi gjer oss i det dagelege arbeidet. Solsida er ein barnehage i kontinuerleg utvikling.

Vi dokumentarar arbeidet vårt i Visma appen og med bilete. Vi dokumentarar for å kunne vurdere arbeidet vårt.



Hendingar og markeringar i barnehagen

Vinter



Desember	Besøk i kyrkja
Desember	Nisselfest
Desember	Luciatog
Februar	Eventyrfest

Vår



Mars	Barnehagedagen
Mars/april	Påskebesøk i kyrkja
April	Dugnad
Mai	17. mai-tog i barnehagen
17. mai	Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget

Sommar



Juni	Besøksdag for nye barn
Juni	Avslutning for førskulebarna
Juni	Sommarfest for barn, foreldre og tilsette
August	Nytt barnehageår

Haust



Veke 38	Brannvernveka
September	Foreldremøte
Oktober	Markering av FN-dagen



Saman blir vi drivande gode